

## 4. Kunstpolitiske tiltak


### 4.1. Nokre resultat

512 millionar kroner frå  
Norsk kulturfond

Norsk kulturråd held fram med å styrkje ordningane som ligg under Norsk kulturfond. I 2011 vart det delt ut 512 millionar kroner til ulike kulturføremål. Beløpet auka med 81 millionar, eller nesten 19 prosent, frå året før. På heile 2000-talet har det vore ein årleg auke i løyvingane frå fondet, og for fjerde året på rad er auken over 10 prosent.

Musikk og litteratur var dei to områda som fekk størst del, med 30 og 26 prosent kvar. Desse områda fekk høvesvis 26 og 5 millionar kroner meir enn i 2010. Men også scenekunst fekk mykje meir i 2011 enn i 2010, med ein auke på 22 millionar til 99 millionar. Dei to siste åra har løyvingane til scenekunst auka med 38 millionar, ein auke på over 60 prosent. Sidan 2001 har løyvingane frå Norsk kulturfond blitt meir enn dobla, med ein auke på 286 millionar kroner. Sjå tabell 4.4.

Figur 4.1. Norsk kulturfond. Løyvingar, etter område. 2003-2011. Millionar kroner



<sup>1</sup> T.o.m 2007 inkluderte denne kategorien berre tidsskrift. F.o.m 2008 er ymse publikasjonar inkludert. <sup>2</sup> Før 2004 var tildelingane til scenekunst delt i frie sceniske grupper og scenekunst, andre tiltak. Kjelde: Norsk kulturråd.

Innkjøpsordningar for  
litteratur

Som året før går størstedelen, 75 prosent, eller 116 millionar kroner, av avsetninga til litteratur og periodiske publikasjonar under Norsk kulturfond til dei fem innkjøpsordningane for litteratur. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne og innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for barn/unge har tradisjonelt vore dei to største av dei fem innkjøpsordningane. Men i 2011 dekte desse innkjøpsordningane innkjøp av nokre færre titlar en tidlegare år, høvesvis 123 og 119 titlar. Dette er høvesvis om lag 75 og 10 færre enn både 2010 og 2005. Innkjøpsordninga for omsette bøker har hatt ein auke på fem titlar frå 2010 og har hatt den største auken samanlikna med 2005. Samanlikna med 2005 er det ein auke på nesten 50 titlar av omsette bøker. Sjå tabell 4.1.

**Tabell 4.1. Innkjøpsordningane for litteratur. Innkjøpte titlar. 2005-2011**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, vaksne .....	197	216	205	218	228	198	123
Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for barn/unge .....	129	121	128	134	135	127	119
Innkjøpsordninga for sakprosa .....	32	49	49	46	65	69	74
Innkjøpsordninga, omsette bøker .....	76	74	42	93	100	117	122
Innkjøpsordninga, fagbøker/barn/ unge .....	20	18	20	25	29	25	27

Kjelde: Norsk kulturråd.

I innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne var kvinnelege forfattarar med på å skrive 35 prosent av boktitlane, ein auke frå 32 prosent i både 2010 og 2009. I 2006 var prosentdelen på 26. Dersom ein deler inn skjønnlitteraturen i prosa, lyrikk og skodespel, var det ein auke i andelen lyrikk av kvinnelege forfattarar, frå 22 prosent i 2009 til 42 prosent i 2011. For prosa og skodespel stod kvinnelege forfattarar bak høvesvis 33 og 9 prosent av titlane i 2011. Sjå tabell 4.2.

**Tabell 4.2. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne. Innkjøpte titlar, etter område og kjønn. 2001-2011**

	I alt	Prosa	Lyrikk	Skodespel	Essays
Absolutte tal					
2001 .....	179	109	49	9	12
2002 .....	194	125	52	7	10
2003 .....	210	130	63	7	10
2004 .....	214	124	67	13	10
2005 .....	197	123	53	21	-
2006 .....	216	144	54	18	-
2007 .....	202	137	49	16	-
2008 .....	218	144	65	9	-
2009 .....	228	167	49	12	-
2010 .....	198	138	54	6	-
2011 .....	234	159	64	11	-
2011					
Prosent <sup>1</sup>					
Menn .....	63	64	56	82	-
Kvinner .....	35	33	42	9	-
Uoppgitt .....	3	3	2	9	-

<sup>1</sup> Nokre titlar har meir enn ein forfattar.

Kjelde: Norsk kulturråd.

**15 prosent meir til biletkunst og kunsthåndverk**

I 2011 delte Norsk kulturråd ut over 28 millionar kroner til ulike støtteordningar innanfor biletkunst og kunsthåndverk. Dette er 3,7 millionar, eller 15 prosent, meir enn i 2010. Dei ulike støtteordningane innanfor dette feltet er vanskeleg å samanlikne med åra før da dei ulike ordningane ikkje er spesifiserte på same måte som tidlegare. Sjå tabell 4.5.

**28 prosent meir til scenekunst**

Tilskot til scenekunst var på 99 millionar kroner i 2011, ein auke på 22 millionar, eller 28 prosent, frå 2010. Frå 2009 har auken vore på over 60 prosent. Hovudårsaka til auken frå 2010 til 2011 var etableringa av ordninga med fleirårig støtte til frie scenekunstgrupper, med 16 millionar kroner. Saman med ordninga for basisfinansieringa av frie scenekunstgrupper som vart lagde inn i Kulturfondet frå og med 2010, gir dette rom for framsynt planlegging og stabilitet for den frie scenekunsten. Basisfinansieringa av frie scenekunstgrupper auka med 3 millionar kroner frå 2010. Totalt vart det gitt midlar til 335 prosjekt i 2011, ein auke på 30 samanlikna med 2010. I gjennomsnitt fekk kvart prosjekt nesten 300 000 kroner. Størstedelen av midlane gjekk til teater og dans, høvesvis 27 millionar og 24 millionar. Som det gjekk fram av Årsmelding 2010 frå Norsk kulturråd, blei avsetninga for scenetekstutvikling sterkt redusert i 2010 sidan ein stor del av avsetninga blei overført til Dramatikens hus etter at det var etablert. Denne reduksjonen heldt fram også i 2011. Sjå tabell 4.6.


*21 prosent meir til musikkformål*

153 millionar kroner vart i 2011 fordelte av Kulturrådet, til musikkformål. Dette er ein auke på 26,5 millionar, eller 21 prosent, frå 2010. Litt av auken kom i samband med omorganiseringa av Kulturrådet. Ei rekkje ensemble og festivalar som har stått på «fast post» på statsbudsjettet, blei i 2011 tilbakeførte til Kulturfondet og lagde inn i musikkavsetninga ( Norsk kulturråd 2012). Ein femtedel, 31,5 millionar, av tilskotsmidla gjekk til musikkfestivalar. Andre musikktiltak m.m. fekk den største auken, med over 20 millionar meir enn i 2010. Sjå tabell 4.7.

*Ordningane under Statens kunstnarstipend auka med 3 prosent*

Årsmelding 2011 frå Statens kunstnarstipend syner at det er tildelt 1 338 stipend i 2011, 41 færre enn i 2010. Dette talet inkluderer både nye stipend tildelte i 2011 og vidareførte stipend tildelte tidlegare år og som framleis var aktive i 2011. Også talet på personar som har garantiinntekt viste ein liten nedgang frå 2010, frå 503 til 499. Ordningane var totalt på 226 millionar kroner, ein auke på 3 prosent frå 2010. Av dette utgjorde garantiinntektene 113 millionar kroner (inkludert arbeidsgiveravgift), ein auke på 6 prosent frå året før. Dei 267 arbeidsstipenda i 2011 var på 50 millionar kroner, ein auke på 11 stipend og 2 millionar kroner frå året før. Arbeidsstipenda for yngre eller nyetablerte kunstnarar var på snautt 32 millionar kroner som vart fordelte på 167 stipend, omtrent dei same tala som både i 2009 og 2010.

**Figur 4.2. Tal på stipend og heimlar, etter stipendtype. 2011. Prosent**



<sup>1</sup> Tala inkluderer stipend tildelte i 2011 og stipend tildelte tidlegare år som framleis var aktive i 2011. Kjelde: Statens kunstnarstipend.

Det er ei lita overvekt av kvinner som mottok stipend eller garantiinntekt i 2011. Nærare bestemt 54 prosent, som er omtrent same talet som alle åra sidan 2008. 65 prosent av alle som fekk stipend basert på gjennomført kunstutdanning, var kvinner. Dette er litt færre enn i 2010, då talet var 73 prosent. Einaste stipendet der fleirtalet av mottakarane var menn, var dei stipenda som vart delte ut til eldre fortente kunstnarar. Sjå tabellane 4.8-4.11.

*65 prosent som får stipend for gjennomført kunstutdanning, er kvinner*

Det vart delt ut 181 stipend for gjennomført kunstutdanning frå Statens kunstnarstipend i 2011, ein nedgang på 50 stipend frå 2010 (tabell 4.9). Dette er det lågaste talet på fleire år. 65 prosent av stipenda og dei utdelte midlane gjekk til kvinner. Som i dei tre åra før var det i 2011 ei overvekt av kvinner som fekk stipend for gjennomført kunstutdanning i alle kunstutdanningane. Sjå også tabellane 4.12 og 4.13.

*5 prosent auke i tildelingar frå Fond for lyd og bilete*

Fond for lyd og bilete delte ut over 32 millionar kroner i 2011, ein auke på om lag 1,7 millionar kroner frå året før. Frå 2005 er dette ein auke med 50 prosent, men det er likevel så vidt høgare enn tildelingane i 2001. Totalt var det 523 tildelingar i 2011, 12 fleire enn i 2010. Som tidlegare år var det fagutvalet for video/film som

delte ut mest pengar i 2011. Totalt 8,7 millionar kroner blei delte ut til totalt 49 prosjekt. Flest tildelingar hadde fagutvalet for fonogramproduksjonar, med totalt 117 prosjekt og som forvalta i alt 7,5 millionar kroner.

Fagutvalet for biletkunst var eit nytt fagutval i Fond for lyd og bilete i 2010, og dette utvalet heldt fram med arbeidet våren 2011. Totalt var det stabilt tal på medlemmer i dei ulike fagutvala i 2011 samanlikna med 2010. Kvinnedelen i utvala har auka frå 62 prosent i 2010 til 64 prosent i 2011. Sjå tabellane 4.3 og 4.14.

**Tabell 4.3. Fond for lyd og bilete. Tildelingar, etter fagutval. 2001-2011**

	Talet på tildelingar	Beløp 1 000 kroner
2001 .....	585	31 064
2002 .....	529	26 623
2003 .....	632	27 143
2004 .....	621	26 724
2005 .....	566	21 089
2006 .....	572	23 604
2007 .....	546	26 634
2008 .....	607	28 465
2009 .....	582	29 171
2010 .....	511	30 522
2011 .....	523	32 265
Fonogramproduksjon <sup>1</sup> .....	117	1 743
Musikk .....	110	7 521
Scene .....	55	4 973
Tekst .....	62	3 694
Video/film .....	49	2 141
Biletkunst .....	22	8 710
Blanda/andre (til disp. for styret) .....	108	841
		4 387

<sup>1</sup> Frå 2006 er fagutvala Fonogram kunstnarar og Fonogram produsentar slått saman til Fonogramproduksjon. Kjelde: Fond for lyd og bilete.

#### 6 prosent auke i innkravde vederlag

Det vart kravd inn nesten 1,1 milliard kroner på vegner av dei sju rettshavarorganisasjonane, og 890 millionar vart utbetalte i vederlag i 2011. Totalt beløp både på innkravde og utbetalte vederlag auka med respektive 6 og 2 prosent. TONO stod i 2011 for 39 prosent av totalt innkravde vederlag og 39 prosent av totalt utbetalte vederlag. Alle rettshavarorganisasjonane har hatt ein auke i innkravde beløp samanlikna med 2010, men den største auken var for Norwaco og TONO. Sjå tabell 4.15.

## 4.2. Om dei ulike organisasjonane og ordningane

#### Norsk kulturråd

Norsk kulturråd har blant anna til oppgåve å stimulere det profesjonelle kunstlivet, styrkje kulturvernet og gjere kunst- og kulturverdiar tilgjengelege for så mange som mogeleg. Norsk kulturråd forvaltar Norsk kulturfond og oppgaver delegerte frå Kulturdepartementet og er eit rådgivande organ for staten og det offentlege i kulturspørsmål.

- **Norsk kulturfond** har som føremål å stimulere skapande verksemd innanfor litteratur og kunst, verne om kulturarven og formidle kulturgoda til så mange som mogeleg (Prop. 1 S, 2012-2013). Stortinget løyver kvart år ein sum til Norsk kulturfond, og det er Norsk kulturråd som fordeler desse midlane. Data er henta frå Norsk kulturråd, Årsmelding 2011 (Norsk kulturråd 2012).
- **Innkjøpsordningane** dekkjer innkjøp av mellom anna litteratur og tidsskrifter, biletkunst og kunsthandverk, musikk, kulturvern, barne- og ungdomskultur, rom for kunst/kulturbygg, scenekunst, kunst og det fleirkulturelle samfunnet. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur og innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa høyrer til dei viktigaste støtteordningane til innkjøp av litteratur.

#### Statens kunstnarstipend

Statens kunstnarstipend er eit av statens sentrale verkemiddel for å fremje eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Støtte i form av stipend og garantiinntekter gir

kunstnarane høve til å setje si eiga kunstnariske utvikling i fokus, utan å vere nøydde til å innrette seg etter andre målsetjingar i kunst- og kulturpolitikken. Stipend- og garantiinntektsordninga skal leggje til rette for at einskildkunstnarar, gjennom å motta direkte tilskot frå staten, skal kunne bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Data er henta frå årsmeldinga til Statens kunstnarstipend (Statens kunstnarstipend 2012).

*Fond for lyd og bilete*

Fond for lyd og bilete skal fremje produksjon og formidling av innspelningar av lyd- og filmopptak og blir fordelte til beste for rettshavarane innanfor musikk, scene og film. Fondet er i tillegg oppretta for å gi rimeleg godtgjering til rettshavarar for den lovlege kopieringa av verka deira til privat bruk (Prop. 1 S, 2012-2013). Ny forskrift for Fond for lyd og bilete tok til å gjelde frå januar 2010. Det stod i fondets årsmelding for 2010 at regelverket i den nye forskrifta representerte ei viss innstramming og gjorde det tydelegare kven som har rett til støtte. Data er henta frå Fond for lyd og bilete, Årsmelding 2011 (Fond for lyd og bilete 2012).

*Dei sju vederlagsorganisasjonane*

- BONO tek seg av biletkunstnarane og kunsthandverkarane sine opphavsrettar, og gjer avtaler om reproduksjon og annan bruk av biletkunst.
- FONO representerer norske plateprodusentar, og inngår avtaler med riksdekkjande fjernsyn om kopiering og lydfesting av verna musikkverk.
- Gramo representerer produsentar og utøvande kunstnarar, og inngår avtaler når innspelningane deira blir kringkasta.
- Kopinor representerer 22 norske rettshavarorganisasjonar av opphavsmenn eller utgivarar, og utanlandske rettshavarar. Kopinor inngår avtaler om fotokopiering og anna eksemplarframstilling til bruk i utdanningsinstitusjonar, offentleg administrasjon og organisasjons- og næringsliv.
- LINO forvaltar skribentane sine rettar/krav med heimel i åndsverkloven og gjer avtaler om vidareutnytting av litterære tekstar med alle typar brukarar.
- Norwaco representerer 34 norske rettshavarorganisasjonar av opphavsmenn, utøvande kunstnarar, fotografar og produsentar. Norwaco inngår avtaler om rett til vidaresending av radio- og fjernsynskanalar i kabelnett, om rett til opptak av radio- og fjernsynsprogram til undervisnings- og informasjonsformål.
- TONO forvaltar rett/krav til komponistar, tekstforfattarar og musikkforlag, og inngår avtaler om offentleg framføring og lydfesting av musikk.

*Åndsverkloven § 1*

I åndsverkloven (LOV 1961-05-12 nr 02: Lov om opphavsrett til åndsverk m.v.) § 1 står det følgjande:

«Den som skaper et åndsverk, har opphavsrett til verket. Med åndsverk forstås i denne lov litterære, vitenskapelige eller kunstneriske verk av enhver art og uansett uttrykksmåte og uttrykksform, så som

- 1) skrifter av alle slag,
  - 2) muntlige foredrag,
  - 3) sceneverk, så vel dramatiske og musikkdramatiske som koreografiske verk og pantomimer, samt hørespill,
  - 4) musikkverk, med eller uten tekst,
  - 5) filmverk,
  - 6) fotografiske verk,
  - 7) malerier, tegninger, grafikk og lignende billedkunst,
  - 8) skulptur av alle slag,
  - 9) bygningskunst, så vel tegninger og modeller som selve byggverket,
  - 10) billedvev og gjenstander av kunsthåndverk og kunstindustri, så vel forbildet som selve verket,
  - 11) kart, samt tegninger og grafiske og plastiske avbildninger av vitenskapelig eller teknisk art,
  - 12) datamaskinprogrammer,
  - 13) oversettelser og bearbejdelser av verk som er nevnt foran.
- For fotografiske bilder som ikke er åndsverk gjelder § 43a.»

**Referansar**

Fond for lyd og bilete (2012): *Årsmelding 2011*. (<http://www.fondforlydogbilde.no>)

Informasjonsentral for opphavsrett og klarering. (<http://www.clara.no>)

Norsk kulturråd (2012): *Årsmelding 2011*. (<http://www.norskkulturrad.no/om-kulturradet/publikasjoner>)

Prop. 1 S (2012-2013): Kulturdepartementet. (<http://www.regjeringen.no/> Statens

kunstnarstipend (2012): *Årsmelding 2011*. (<http://www.kunstnerstipend.no>)

Åndsverkloven: (<http://www.lovdatabank.no/all/hl-19610512-002.html>).

Tabell 4.4. Norsk kulturfond. Løyvingar, etter område. 2003-2011. Millionar kroner

Område	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
<b>I alt</b> .....	<b>232,3</b>	<b>254,3</b>	<b>264,2</b>	<b>287,0</b>	<b>300,1</b>	<b>340,4</b>	<b>386,5</b>	<b>430,8</b>	<b>512,0</b>
Litteratur .....	75,4	77,9	86,4	90,8	96,8	105,0	116,5	126,2	131,3
Periodiske publikasjonar <sup>1</sup> .....	2,6	2,8	2,8	2,8	3,8	20,2	22,7	23,7	23,6
Musikk .....	52,3	63,6	68,4	77,3	86,8	93,7	115,0	126,3	152,8
Biletkunst/kunsthåndverk .....	13,8	14,3	14,6	16,3	14,4	16,1	19,8	24,6	28,3
Kulturvern .....	14,8	15,2	15,5	15,8	8,5	8,8	11,2	9,5	9,8
Barne- og ungdomskultur .....	8,7	9,0	8,7	9,3	11,3	13,8	14,8	15,8	16,3
Rom for kunst/kulturbygg .....	12,1	12,5	12,7	13,0	13,6	15,2	16,2	18,2	18,8
Scenekunst <sup>2</sup> .....	36,0	37,2	37,9	45,5	48,2	56,9	61,5	77,4	99,4
FoU(forskning og utvikling) .....	-	-	-	-	-	-	2,2	2,2	2,3
Andre formål .....	16,6	21,8	17,3	16,2	16,7	10,7	6,8	7,0	29,3

<sup>1</sup> T.o.m 2007 inkluderte denne kategorien berre tidsskrift. F.o.m 2008 er ymse publikasjonar inkludert. <sup>2</sup> Før 2004 var tildelingane til scenekunst delt i frie sceniske grupper og scenekunst, andre tiltak.

Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 4.5. Støtteordningar for biletkunst og kunsthåndverk. Avsette midlar. 2003-2011. 1 000 kroner

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
<b>I alt</b> .....	<b>13 843</b>	<b>14 300</b>	<b>14 571</b>	<b>16 333</b>	<b>14 454</b>	<b>16 076</b>	<b>19 829</b>	<b>24 579</b>	<b>28 300</b>
Innkjøpsordninga for samtidskunst .....	2 200	2 300	2 350	2 460	-	-	-	-	-
Prosjektstøtte til biletkunst og kunsthåndverk .....	8 209	7 263	7 226	9 242	8 944	9 446	11 149	15 621	-
Debutantstøtte og utstyrsstøtte til biletkunstnarar, kunsthåndverkarar og fotografar .....	725	459	-	-	-	-	-	-	-
"Kulturelle endringsprosesser og samtidskunsten" .....	700	1 300	1 170	1 057	1 400	2 400	2 400	2 477	-
Utstillingsstøtte til kunstnarar i etableringsfasen .....	-	138	817	644	780	900	1 400	1 445	1 400
Utstyrsstøtte til fellesverkstader .....	420	440	750	430	780	780	1 280	1 321	1 300
Kunst og ny teknologi .....	1 590	2 400	2 258	2 500	2 550	2 550	2 600	2 683	2 600
Kunsthøytider .....	-	-	-	-	-	-	1 000	1 032	1 500
Ymse tiltak .....	-	-	-	-	-	-	-	-	21 500
<b>Statens utstillingsstipend</b> .....	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>	<b>-</b>

Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 4.6. Tilskot til scenekunstformål under Norsk kulturfond. Tal på tildelingar og beløp. 2009-2011

	2009		2010		2011	
	1 000 kroner	Tal på tildelingar	1 000 kroner	Tal på tildelingar	1 000 kroner	Tal på tildelingar
<b>I alt</b> .....	<b>61 485</b>	<b>332</b>	<b>77 419</b>	<b>305</b>	<b>99 351</b>	<b>335</b>
Fri scenekunst, teater .....	26 111	64	27 611	56	27 000	77
Fri scenekunst, dans .....	20 313	44	21 313	37	24 313	44
Ny norsk dramatik og annan scenetekst .....	3 921	..	1 446	..	500	5
Basisfinansiering av frie sceniske grupper .....	..	..	15 000	5	18 000	14
Pilotprosjektet for profesjonelle dansemiljø .....	..	..	..	..	2 100	6
Forprosjekt koreografiutvikling .....	..	..	..	..	1 700	49
Forprosjekt scenetekstutvikling .....	..	..	..	..	1 446	35
Gjestespel .....	4 608	70	5 108	90	5 110	73
Fleirårige tiltak .....	..	..	..	..	15 532	4
Andre scenekunsttiltak <sup>1</sup> .....	6 532	..	6 941	..	3 650	28

<sup>1</sup> Inkluderer også tilskot til tverrfaglege prosjekt, som går på tvers av etablerte fag- og satsingsområde og tidlegare tilsagn for tidlegare år for 2009.

Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 4.7. Tilskot til musikkformål under Norsk kulturfond. Tal på tildelingar og beløp. 2008-2011

	2008		2009		2010		2011	
	1 000 kroner	Tal på tildelingar	1 000 kroner	Tal på tildelingar	1 000 kroner	Tal på tildelingar	1 000 kroner	Tal på tildelingar
<b>I alt</b> .....	<b>93 743</b>	<b>889</b>	<b>114 969</b>	<b>1 106</b>	<b>126 277</b>	<b>1 179</b>	<b>152 844</b>	<b>1 284</b>
Tilskotsordning for musikkfestivalar .....	27 562	79	29 562	96	30 562	103	31 500	99
Turné- og arrangørstøtte for rock og populærmusikk .....	9 031	188	..	..	..	..	..	..
Tilskotsordning for arrangørar ..	..	..	10 000	185	12 000	184	17 000	312
Tilskotsordning for musikkensemble .....	15 189	98	18 189	89	22 189	84	21 000	89
Tilskotsordning for kyrkjemusikk .....	5 328	59	5 562	62	6 562	73	6 800	67
Tilskotsordning for musikarar ..	..	..	10 000	200	12 000	221	12 400	288
Innkjøpsordninga for musikk ...	13 412	190	16 412	202	18 912	204	19 500	152
Andre musikktiltak/ formidling av tradisjonsmusikk, forsøksordning for kor .....	23 221	275	25 244	272	24 052	310	44 800	277

Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 4.8. Statens kunstnarstipend. Utdelte stipend i alt i ordninga, etter beløp, stipendtype og kjønn. 2008-2011

	2008			2009			2010			2011		
	Beløp	Kvinner	Menn	Beløp	Kvinner	Menn	Beløp	Kvinner	Menn	Beløp	Kvinner	Menn
	1 000 kroner	Prosent		1 000 kroner	Prosent		1 000 kroner	Prosent		1 000 kroner	Prosent	
<b>I alt</b> .....	<b>199 750</b>	<b>54</b>	<b>46</b>	<b>212 304</b>	<b>53</b>	<b>47</b>	<b>219 959</b>	<b>54</b>	<b>46</b>	<b>225 938</b>	<b>54</b>	<b>46</b>
Arbeidsstipend <sup>1</sup> .....	38 896	50	50	43 896	48	52	47 616	49	51	49 780	50	50
Arbeidsstipend til yngre/nyetablerte kunstnarar <sup>1</sup> .....	29 392	55	45	31 062	54	46	31 062	54	46	31 730	55	45
Diverse stipend frå 2008 .....	13 092	53	47	13 801	53	47	14 437	53	47	14 577	58	42
Stipend basert på gjennomført kunstforming ...	11 216	73	27	13 363	69	31	14 190	73	27	11 121	65	35
Stipend til eldre fortente kunstnarar <sup>1</sup> .....	5 620	46	54	5 560	47	53	5 620	48	52	5 620	48	52
Garantiinntekt <sup>1,2</sup> .....	101 534	55	45	104 623	53	47	107 034	54	46	113 110	54	46

<sup>1</sup> Beløpa inkluderer stipend tildelte i 2011 og stipend tildelte i tidlegare år som framleis var aktive i 2011. <sup>2</sup> Inkluderer arbeidsgivaravgift.

Kjelde: Statens kunstnarstipend.

Tabell 4.9. Statens kunstnarstipend. Tal på stipend i alt i ordninga, etter stipendtype og kjønn. 2008-2011

	2008			2009			2010			2011		
	Talet på stipend	Kvinner	Menn	Talet på stipend	Kvinner	Menn	Talet på stipend	Kvinner	Menn	Talet på stipend	Kvinner	Menn
	Prosent			Prosent			Prosent			Prosent		
<b>I alt</b> .....	<b>1 811</b>	<b>54</b>	<b>46</b>	<b>1 832</b>	<b>53</b>	<b>47</b>	<b>1 882</b>	<b>54</b>	<b>46</b>	<b>1 837</b>	<b>54</b>	<b>46</b>
Arbeidsstipend <sup>1</sup> .....	221	50	50	236	48	52	256	49	51	267	50	50
Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar <sup>1</sup> ..	167	55	45	167	54	46	167	54	46	167	55	45
Diverse stipend frå 2008 .....	432	52	48	422	52	48	444	53	47	442	54	46
Stipend basert på gjennomført kunstutdanning .....	203	72	28	223	68	32	231	72	28	181	65	35
Stipend for eldre fortente kunstnarar <sup>1</sup> .....	281	46	54	281	47	53	281	48	52	281	48	52
Garantiinntekt <sup>1</sup> .....	507	53	47	503	53	47	503	53	47	499	54	46

<sup>1</sup> Tala inkluderer stipend tildelte i 2011 og stipend tildelte tidlegare år som framleis var aktive i 2011.

Kjelde: Statens kunstnarstipend.



Tabell 4.10. Statens kunstnarstipend. Beløp, etter stipendtype og kunstnargruppe. 2000-2011. 1 000 kroner

	Totalt beløp	Arbeidsstipend/arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar <sup>1</sup>			Eingongsstipend	Stipend for eldre fortente kunstnarar <sup>1</sup>	Garantiinntekt <sup>1,2</sup>
		Beløp i alt	Arbeidsstipend	Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar			
2000 .....	136 541	49 590	..	..	9 275	5 620	72 056
2001 .....	145 271	51 475	..	..	11 375	5 620	76 801
2002 .....	141 283	51 800	..	..	11 509	5 620	72 354
2003 .....	149 537	57 196	..	..	12 564	5 620	74 157
2004 .....	150 321	58 776	..	..	11 351	5 620	83 367
2005 .....	166 383	62 457	..	..	11 786	5 620	86 520
2006 .....	170 085	63 111	35 807	27 305	12 136	5 620	89 218
2007 .....	177 444	65 378	37 239	28 140	12 493	5 620	93 953
2008 .....	188 534	68 288	38 896	29 392	13 092	5 620	101 534
2009 .....	198 942	74 958	43 896	31 062	13 801	5 560	104 623
2010 .....	205 769	78 678	47 616	31 062	14 437	5 620	107 034
2011 .....	214 817	81 510	49 780	31 730	14 577	5 620	113 110
<b>2011</b>							
Biletkunstnarar .....	87 103	21 280	11 020	10 260	3 517	520	61 786
Kunsthandverkarar .....	34 525	10 355	5 415	4 940	1 620	440	22 110
Skjønnlitterære forfattarar .....	20 658	10 640	7 790	2 850	1 451	320	8 247
Barne- og ungdomslitterære forfattarar .....	4 957	1 900	1 330	570	528	260	2 269
Dramatikarar .....	3 205	2 090	1 520	570	399	340	376
Skjønnlitterære omsetjarar .....	2 266	1 140	760	380	381	260	485
Faglitterære forfattarar og omsetjarar .....	1 326	380	380	-	158	60	728
Musikarar, dirigentar og songarar .....	12 649	6 080	3 800	2 280	1 529	360	4 680
Komponistar .....	5 895	2 660	1 900	760	383	260	2 592
Skodespelarar og dokkespelarar .....	7 572	4 085	2 565	1 520	994	380	2 113
Scenestruktørar .....	2 129	1 140	760	380	235	280	474
Scenografar og kostymeteiknarar .....	1 383	950	570	380	166	160	107
Teatermedarbeidarar .....	51	-	-	-	51	-	-
Dansekunstnarar .....	9 566	5 225	2 185	3 040	731	400	3 210
Kritikarar .....	597	380	380	-	97	120	-
Journalistar .....	58	-	-	-	58	-	-
Fotografar .....	5 986	3 325	2 565	760	518	80	2 063
Filmkunstnarar .....	4 383	3 230	2 280	950	527	320	306
Arkitektar .....	245	-	-	-	65	180	-
Interiørarkitektar .....	240	-	-	-	60	180	-
Diverse andre .....	4 118	2 280	1 520	760	294	220	1 324
Folkekunstnarar .....	1 564	1 140	760	380	204	220	-
Popkomponistar .....	4 341	3 230	2 280	950	611	260	240

<sup>1</sup> Beløpa inkluderer stipend tildelte i 2011 og stipend tildelt tidlegare år som framleis var aktive i 2011. <sup>2</sup> Inkluderer arbeidsgivaravgift.

Kjelde: Statens kunstnarstipend.

Tabell 4.11. Statens kunstnarstipend. Tal på stipend, etter stipendtype og kunstnargruppe. 2000-2011

	I alt	Arbeidsstipend/arbeidsstipend til yngre/nyetablerte kunstnarar <sup>1</sup>			Eingongsstipend	Stipend til eldre fortenne kunstnarar <sup>1</sup>	Garantiinntekt <sup>1</sup>
		Arbeidsstipend i alt	Arbeidsstipend	Arbeidsstipend, yngre/nyetablerte kunstnarar			
2000	1 531	342	..	..	363	281	545
2001	1 601	355	..	..	420	281	545
2002	1 594	350	..	..	419	281	544
2003	1 606	362	..	..	426	281	537
2004	1 560	372	..	..	393	281	514
2005	1 582	382	..	..	412	281	507
2006	1 608	386	219	167	434	281	507
2007	1 598	388	221	167	424	281	505
2008	1 608	388	221	167	432	281	507
2009	1 609	403	236	167	422	281	503
2010	1 651	423	256	167	444	281	503
2011	1 656	434	267	167	442	281	499
<b>2011</b>							
Biletkunstnarar	470	114	60	54	65	26	265
Kunsthåndverkarar	206	56	30	26	33	22	95
Skjønnlitterære forfattarar	143	56	41	15	34	16	37
Barne- og ungdomslitterære forfattarar	45	10	7	3	12	13	10
Dramatikarar	41	11	8	3	11	17	2
Skjønnlitterære omsetjarar	41	6	4	2	20	13	2
Faglitterære forfattarar og omsetjarar	18	2	2	0	10	3	3
Musikarar, songarar og dirigentar	134	32	20	12	64	18	20
Komponistar	64	14	10	4	25	13	12
Skodespelarar og dokkespelarar	87	22	14	8	37	19	9
Sceneinstruktørar	32	6	4	2	10	14	2
Scenografar og kostymeteiknarar	23	5	3	2	8	8	2
Teatermedarbeidarar	3	0	0	0	3	0	0
Dansekunstnarar	96	28	12	16	27	20	21
Kritikarar	12	2	2	0	4	6	0
Journalistar	1	0	0	0	1	0	0
Fotografar	41	18	14	4	10	4	9
Filmkunstnarar	59	17	12	5	24	16	2
Arkitektar	11	0	0	0	2	9	0
Interiørarkitektar	11	0	0	0	2	9	0
Diverse andre	42	12	8	4	12	11	7
Folkekunstnarar	28	6	4	2	11	11	0
Popkomponistar	48	17	12	5	17	13	1

<sup>1</sup> Tala inkluderer stipend tildelte i 2011 og stipend tildelte tidlegare år som framleis var aktive i 2011.

Kjelde: Statens kunstnarstipend.

Tabell 4.12. Tal på stipend for gjennomført kunstutdanning, etter kjønn. 2007-2017. Prosent

	2007		2008		2009		2010		2011	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>I alt</b>	<b>68</b>	<b>32</b>	<b>71</b>	<b>29</b>	<b>68</b>	<b>32</b>	<b>72</b>	<b>28</b>	<b>65</b>	<b>35</b>
Norges Dansehøyskole <sup>1</sup>	95	5	100	..	97	3	94	6	93	7
Kunsthøgskolen i Bergen, avd. Kunstakademiet	68	32	72	28	57	43	73	27	62	38
Kunsthøgskolen i Bergen, avd. Spesialisert kunst	64	36	76	24	91	9	74	26	65	35
NMH-Diplomstudiet	..	100	33	67	..	100	..	100	..	..
Kunstakademiet-NTNU	69	31	59	41	59	41	65	35	65	35
Kunsthøgskolen i Oslo	61	39	67	33	60	40	66	34	62	38
Høgskolen i Østfold, Akademiet for scenekunst	60	40	..	..	86	14	78	22	..	..

<sup>1</sup> Tidlegare Den Norske Ballethøyskole.

Kjelde: Statens kunstnarstipend.

Tabell 4.13. Beløp for stipend basert på gjennomført kunstutdanning, etter kjønn. 2007-2011. Prosent

	2007		2008		2009		2010		2011	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>I alt</b> .....	<b>69</b>	<b>31</b>	<b>79</b>	<b>22</b>	<b>69</b>	<b>31</b>	<b>73</b>	<b>27</b>	<b>65</b>	<b>35</b>
Norges Dansehøyskole <sup>1</sup> .....	95	5	100	..	97	3	94	6	93	7
Kunsthøgskolen i Bergen, avd. Kunstakademiet .....	71	29	70	31	55	46	73	28	61	39
Kunsthøgskolen i Bergen, avd. Spesialisert kunst .....	64	36	82	18	91	9	74	26	65	35
NMH-Diplomstudiet .....	-	100	33	67	..	100	..	100	..	..
Kunstakademiet-NTNU .....	67	33	60	40	57	43	66	34	62	38
Kunsthøgskolen i Oslo .....	61	39	67	33	61	39	66	34	61	39
Høgskolen i Østfold, Akademie for scenekunst .....	60	40	..	..	86	14	78	22	..	..

<sup>1</sup> Tidlegare Den Norske Balletthøyskole.

Kjelde: Statens kunstnarstipend.

Tabell 4.14. Fond for lyd og bilete. Talet på medlemmer og varamedlemmer i fagutval, etter kjønn. 2007-2011

	2007			2008			2009			2010			2011		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
	— Prosent —			— Prosent —			— Prosent —			— Prosent —			— Prosent —		
<b>I alt</b> .....	<b>36</b>	<b>47</b>	<b>53</b>	<b>36</b>	<b>53</b>	<b>47</b>	<b>36</b>	<b>50</b>	<b>50</b>	<b>42</b>	<b>62</b>	<b>38</b>	<b>42</b>	<b>64</b>	<b>36</b>
Fonogramproduksjon .....	8	50	50	8	50	50	8	38	63	8	50	50	8	50	50
Musikk .....	8	38	63	8	38	63	8	50	50	8	50	50	8	50	50
Scene .....	8	50	50	8	63	38	8	75	25	8	88	13	8	88	13
Tekst .....	6	50	50	6	67	33	6	33	67	6	50	50	6	67	33
Video/film .....	6	50	50	6	50	50	6	50	50	6	67	33	6	67	33
Biletkunst .....	-	-	-	-	-	-	-	-	-	6	67	33	6	67	33

Kjelde: Fond for lyd og bilete.

Tabell 4.15. Opphavsrett. Innkravde og utbetalte vederlag, etter organisasjon. 2002-2011. 1 000 kroner

	I alt	BONO	TONO <sup>2</sup>	Kopinor <sup>1</sup>	Norwaco <sup>1</sup>	Gramo <sup>1</sup>	FONO	LINO <sup>4</sup>
<b>Innkravde vederlag</b>								
2002 .....	631 589	4 886	223 010	204 638	112 312	83 462	1 257	2 025
2003 .....	666 087	4 315	245 761	194 622	115 236	101 653	1 315	3 186
2004 .....	694 219	7 561	258 025	197 502	117 575	109 452	1 334	2 770
2005 .....	717 496	6 581	266 619	194 809	143 411	101 885	1 421	2 770
2006 .....	734 815	6 029	282 493	173 051	150 140	119 646	1 456	2 000
2007 .....	820 836	<sup>3</sup> 12 798	291 601	222 686	162 508	127 368	1 622	2 253
2008 .....	853 399	11 488	304 728	222 046	178 650	130 700	1 959	3 828
2009 .....	963 471	10 424	359 152	233 994	221 251	135 200	1 883	1 567
2010 .....	1 002 331	9 349	385 806	238 540	228 258	138 460	1 918	-
2011 .....	1 063 846	10 545	409 574	240 823	253 612	146 661	2 631	-
<b>Utbetalte vederlag</b>								
2002 .....	574 710	3 811	184 532	215 295	119 266	48 880	1 006	1 920
2003 .....	569 939	3 285	186 408	177 647	124 229	74 414	1 052	2 904
2004 .....	561 585	5 524	219 497	182 882	113 072	36 984	1 067	2 559
2005 .....	593 899	4 921	210 229	183 223	106 042	85 862	1 065	2 557
2006 .....	581 667	4 482	240 981	142 996	123 927	66 390	1 091	1 800
2007 .....	681 138	<sup>3</sup> 9 218	247 642	174 154	164 881	81 834	1 298	2 111
2008 .....	733 153	8 193	247 400	207 454	162 920	102 000	1 567	3 619
2009 .....	760 334	7 607	257 144	204 770	188 305	99 600	1 507	1 401
2010 .....	866 588	6 783	313 080	203 188	195 503	146 500	1 534	-
2011 .....	887 674	7 343	342 524	204 951	200 446	130 305	2 105	-

<sup>1</sup> I summene er utlandet medrekna. <sup>2</sup> Innkravde vederlag er eksklusive finansinntekter og mekaniske rettskrav, men medrekna 2 prosent komponistfond og utland. <sup>3</sup> Auken frå 2006 til 2007 kjem av at BONO f.o.m. 2007 forvaltar den såkalla følgjerettsordninga i Noreg; eit prosentvis vederlag som blir betalt når opphavsrettsleg verna kunst blir vidareseilt, til dømes gjennom auksjonshus og galleri. <sup>4</sup> Med verknad frå november 2009 blei LINO's verksemd samordna med Kopinors ditto, slik at storparten av vederlaget frå 2009 er kanalisert via sistnemnde.

Kjelde: Dei enkelte organisasjonane.